

Ynskjer å verta ein lagspelar

«Nye» Kvamskogen vel ynskjer å spela på laga med heller enn å klaga på Kvam herad.

SIGBJØRN LINGA

linga@hf.no

Fredag var styreleiar Eva Grimstad og styremedlem Harald Thomsen i møte med ordførar og varaordførar i både Jondal og Kvam. Ein av bodskapane deira var ynsket om lågare fartsgrense (sjå side 7), men dei hadde fleire saker på hjarta då dei fyrst hadde sjansen.

I botnen for møta ligg eit ynske om samarbeid og konstruktiv dialog med dei offentlege styresmakten, grunneigarar, hytteeigarar og Kvamskogen næringslag.

Samarbeid, ikkje protestar

Grimstad og Thomsen trur velforeininga har vorte oppfatta som ein protestorganisasjon som har sagt nei til det meste. Med nytt og mindre styre vonar dei å stå fram som

meir konstruktive enn i fortida for å bidra til ei god utvikling i det største hytteområdet i Hardanger.

Grimstad seier laget, som har 651 hyttemedlemer i dag, har fått om lag sytti nye medlemer dei siste to åra. Vona er å halda fram veksten. Grimstad tolkar utviklinga som eit teikn på at hytteeigarane ser på laget som meir enn berre ansvarleg for to parkeringsplassar, noko ho mistenkjer kan ha vore tilfellet tidlegare.

– Me har no ein heilt annan strategi og filosofi om å utvikla Kvamskogen i samarbeid med Kvam herad for å utnytta dei fordelane Kvamskogen har. Me har store ressursar i skiløyper og natur, seier Thomsen.

Grimstad meiner foreininga var både gamaldags og for dyr i drift. Ho har teke initiativ til endringar. Det vart ikkje møtt med berre vellæte, men med nytt og mindre styre og nye vedtekter er laget meir handterleg enn før, meiner ho. Og viktigast: Laget har innsett at samarbeid er turvande for å få noko til,

fortel ho.

– Kjemien er veldig bra. Me er positive og vil få ting til. No aukar medlemstalet og me møter stor velvilje, seier Thomsen.

Held ein knapp på Eikedalen

Kvamskogen vel har allereie drøfta tunnelalternativa i kommunedelplanen. Laget meiner tunnelen bør ha innslag i Eikedalen, som er det lengste av dei «kort» alternativa. Laget meiner at berre dei som brukar tunnelen, bør betala bompengar, og synest staten bør koma på banen for å redusera bompengebidraget.

Laget meiner, som vegvesenet sjølv, at det er fleire gode argument for å byggja tunnelen til Eikedalen. Til dømes får ein mindre stiging, rettare og kjappare veg og redusert drivstoffforbruk i særleg tunge køyretøy. Dessutan hindrar ein truleg riving av fleire hytter ved Kleven, der det førebels vegvesentilrådde tunnellinnslaget ligg.

Så snart det er vedteke kvar tunnelen skal byggjast, og farts-

grensa er senka, bør rekkjefolgekravet som hindrar utbygging og utvikling på delar av Kvamskogen, fjernast, meiner Grimstad. Ho minner om signal frå regjeringa om at sakshandsamarar hjå Fylkesmannen ikkje skal få overstyra lokale ynske.

– Tunnelen er ei utruleg viktig sak for fleire partar, seier ho.

– Skal me venta til tunnelen er bygd, vil det verta midt på 2020-talet. Dette har teke forferdeleg med tid allereie, seier Thomsen.

Ynskjer uvêrsløype

Kvamskogen vel ynskjer ei såkalla uvêrsløype, ein lågtliggjande, enkel gangveg for til dømes personar med barnevogn og rullestol og for eldre som vil koma seg ut, heilt frå Fossen Bratte til Tokagjelet. Delar av løypa finst allereie, men ein del stader må meir gjera. Vellaget ser for seg at delar av løypa kan etablerast i samband med utført vass- og avløpsutbygging, og i samband med gang- og

sykkelvegen som for tida vert regulert av Samnanger kommune frå Eikedalen til fossen. Laget vonar at Kvam herad vil sökja om spelepengar til å få plass ei lysløype i tilknyting til tiltaket.

Grimstad og Thomsen meiner ein må ta høgd for denne løypa når revisjonen av kommunedelplanen for etter planen tek til i 2020.

Også stønad til løypepreparering var tema i møtet med makthavarane. Kvamskogen vel ynskjer at dei offentlege tilskota aukar. Kvam herad ytte 100.000 kroner i fjar. Dessutan ynskjer laget å få på plass offentlege toalett på Kvamskogen.

Kvamskogen vel meiner kvemmingane har mykje å læra av til dømes Voss om utvikling av hytteområde.

Thomsen minner om at hyttefolk bidreg med store summar i eigedomsskatt.

Fredag skipar Kvamskogen næringslag til ope møte i skistova til Fureldalen alpin om utvikling av Kvamskogen.



Samkøring: Eva Grimstad og Harald Thomsen(t.h.) i Kvamskogen vel møtte ordførar Torgeir Næss (Ap) fredag. I tillegg vitja dei politisk leiing i Samnanger kommune.